



## Notat

Dato: 10.03.2015  
Arkivsak: 2015/85-8  
Saksbehandlar: rolrose

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Omkjøringskapasitet for E39 Romarheimsdalen

Representanten **John Torsvik** (H) har stilt fylgjande spørsmål.

Fylkesordførar,

E-39 Romarheimsdalen har sidan 1. mars vore stengd pga. ras. Omkjøring som er blitt varsla via media og vegtrafikksentralen har vore E-16 og indre Sogn, deretter også via FV-57 med ferje Leirvåg – Sløvåg. Det finns 2 omkjøringsalternativer lokalt hhv. FV-379 Kringla – Duesund alternativt FV-570 til Sløvåg eller med kabelferje på FV-570 via Masfjordnes til E-39 ved Andås. Eit lengre alternativ er via Brekke og FV-57 gjennom Gulen. Det tok lang tid før omkjøringsalternativa var merka.

Når det vart vanskelege kjøreforhold i låglandet tirsdag 3. mars, fekk også omkjøringsvegane utfordringar med kapasiteten på møteplassar.

Ferja «Bjørnefjord» i sambandet Leirvåg – Sløvåg har hatt mange stopp skulda manglande motorkapasitet til å anløpe Sløvåg ferjekai i dårleg vær. Dette inntraff også natt til søndag 8. mars då denne ferjestrekninga var kunngjort som omkjøringsvei med avgangar kvar time. Dårlig varsling i Knarvik om ferje innstillingar i sambandet Leirvåg – Sløvåg gjer at mange først får denne informasjonen når ein kjem til Leirvåg, og får forlenga omkjøringa med 1 - 2 timar.

1. Korleis løyser Fylkeskommunen og Statens Vegvesen omkjøringskapasiteten på Europaveien E-39 mellom Sognefjorden og Knarvik når vegen vert stengd som t.d ved ras, tunnellstengingar eller andre trafikale hendingar?

2. Kva tiltak har Fylkeskommunen og Skysst for å betre regulariteten på ferjesambandet Leirvåg – Sløvåg?

Etter å ha innhenta opplysningar i saka frå Statens vegvesen og Skysst kan fylkesordførar opplysa fylgjande.

#### Omskilting

Entreprenøren skilta omkjøringsvegane samme kvelden som ulykka skjedde. Dei fekk skilta på plass så raskt det let seg gjere. VTS vart varsla umiddelbart og var oppdatert på omkjøringsrutene.

#### Kapasitet på omkjøringsruter

Syv og ordførar i Masfjorden kommune vil ha ei synfaring denne veka for å sjå på muligheita til å legge til rette for nye møteplassar og utbetring av siktforhold på strekninga Kringla - Andås. Finansiering av eventuelle tiltak må ein vurdere seinare. For tida blir det også gjennomført strekningsvise utgreiingar på Fv 570 og Fv 57, der tiltak vi inngå i HFK sitt RTP arbeid.

#### Ferjekapasiteten

I spørsmålet vert det hevda at ferja MF Bjørnefjord som trafikkerer sambandet Leirvåg-Sløvåg har hatt mange stopp skulda manglande motorkapasitet til å anløpe Sløvåg ferjekai i dårleg ver. Etter Skyss si vurdering er MF Bjørnefjord ei eigna ferje for dette sambandet og ikkje dårleg utrusta med tanke på motorkapasitet. Det aktuelle ferjesambandet er imidlertid verutsatt og det må påreknast at turar vert innstilt som følgje av uver. Avslutningsvis må det nemnast at det er operatør og ferjekaptein som sit med ansvaret for tryggleiken om bord på ferjene og som i det einskilde tilfellet må vurdere om det er forsvarleg å gjennomføra ein tur i høve dei rådande verforholda.

I stengingsperioden er sett inn ekstra kapasitet på ferjestrekninga Leirvåg- Sløvåg, der ferjetidene er utvida med avgangar kvar time heile natta. Avgangane på kabelferja mellom Duesund-Masfjordnes er også utvida, med avgangar etter behov.